 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<b>Drosjereglement for Bergen køyreområde 01.12.09</b>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesutvalet	Gjeld frå: 01.12.2009	Tal sider: 4
	Utarbeidd av: Samferdselsavdelinga	Godkjend dato: 18.11.2009	Revidert dato:	Arkivsak: 200706922-99/832

## 1. Føremål

Dette reglementet har følgjande føremål:

- Sikre kvalitet i fylkeskommunen sitt arbeid med å vurdere behovet for drosjeløyve i Bergen køyreområde.
- Etablere rutinar for justering av løyvetalet som er kjent for aktørane i næringa.
- Sikre ein sunn konkurranse i drosjenæringa både mellom drosjesentralar og mellom løyvehavarar.
- Auke utnyttingsgraden av eksisterande løyver og kvaliteten på drosjetenester.
- Sikre eit tenleg drosjetilbod i Bergen køyreområde.

## 2. Verkeområde

Reglementet gjeld med verknad frå 01.12.09.

Reglementet gjeld for Bergen køyreområde. Bergen køyreområde femner om kommunane Bergen, Askøy, Fjell og Sund.

Reglementet gjeld for dei drosjesentralane som til ei kvar tid formidlar drosjetenester i overnemnde kommunar og for løyvehavarar tilknytt desse drosjesentralane.

## 3. Plikt for løyvehavarar til å ha formidlingsavtale med drosjesentral (tilknytingsplikt)

Samtlege løyvehavarar i Bergen køyreområde har rett og plikt til å vere tilslutta drosjesentral godkjent av fylkeskommunen. Det må ligge føre skriftleg avtale mellom løyvehavar og sentral som regulerer partane sine rettar og plikter (formidlingsavtale).


Drosjesentralane har plikt til å oversende kopi av formidlingsavtale med løyvehavar til fylkeskommunen innan 14 dagar etter at avtalen er inngått. Endringar i avtaleverket skal meldast fylkeskommunen.

Eit drosjeløyve er berre tilknytt den einskilde sentral i den tida formidlingsavtale med ein bestemt løyvehavar løper. Frå det tidspunktet løyve vert ledig opphøyre sentraltilknyttinga.

## 4. Maksimalt løyver

Ein drosjesentral kan ikkje ha tilknytt meir enn 60 % av det totale løyvetalet i Bergen køyreområde. Kjem ein sentral over 60% av det totale løyvetalet, skal han ikkje kunne knytte til seg nye løyve eller ta overgang frå andre sentralar før han kjem under 60%.

Såframt overnemnde grense ikkje er nådd har drosjesentralane i utgangspunkt plikt til å inngå formidlingsavtale med løyvehavarar som søker tilknytting til sentralen. Drosjesentralane kan likevel sjølv setje eit maksimalt løyvetal. Eit slikt løyvetal skal skriftleg meldast til fylkeskommunen. Når/dersom sentralen har nådd maksimalt løyvetal har sentralen ikkje høve til inngå formidlingsavtale med nye løyvehavarar. Eventuelle endringar i maksimaltalet skal meldast skriftleg til fylkeskommunen.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<b>Drosjereglement for Bergen køyreområde 01.12.09</b>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesutvalet	Gjeld frå: 01.12.2009	Tal sider: 4
	Utarbeidd av: Samferdselsavdelinga	Godkjend dato: 18.11.2009	Revidert dato:	Arkivsak: 200706922-99/832

## 5. Drosjesentralane si rapporteringsplikt

Drosjesentralane pliktar innan 1. september kvart år å uopfordra sende inn følgjande statistikk til fylkeskommunen:

- Informasjon om totalt tal køyreoppdrag, fordelt på type køyring for veke 22-26.
- Informasjon om disposisjon av drosjebilparken for veke 22-26.
- Informasjon om årleg omsetning.

Drosjesentralane pliktar også etter krav frå fylkeskommunen å oversende annan relevant statistikk som fylkeskommunen måtte ha behov for, jf. yrkestransportforskrifta § 21. Ved brot på denne plikta kan fylkeskommunen fatte vedtak om at sentralen ikkje skal ha høve til å inngå formidlingsavtale med fleire løyvehavarar.

## 6. Justering av løyvetalet

*Prinsipp for oppretting av nye løyve*

Fylkeskommunen fastset talet på løyve basert på ei vurdering av behovet for drosjetenester i køyreområdet.

Fylkeskommunen vil ein gong per år vurdere justering av løyvetalet i Bergen køyreområde. Eventuell justering av løyvetalet vil i hovudsak vere basert på ei vurdering av behovet for drosjetenester i køyreområdet (behovsprøving) basert på følgjande statistikk:

- Endringar i folketalet i Bergensregionen.
- Endringar i talet arbeidsplassar i Bergensregionen.
- Annan relevant informasjon som løyvestyresmaktene måtte sitte inne med, til dømes vurderingar og statistikkmateriale frå drosjesentralane.

I samband med årleg justering av løyvetalet vil talet på storbilloyve og drosjar som kan ta med rullestol og verte vurdert.

*Status for nyoppretta løyve*


Løyve som fylkeskommunen opprettar er frie, dvs. er utan tilknytingsplikt til bestemt drosjesentral på det tidspunktet dei vert oppretta.

*Tildeling av nyoppretta løyve*

Tildeling av nyoppretta løyve skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43 eller 44.

Nyoppretta løyve vil verte kunngjort i lokalpressa.

Søkjar må godgjere og forplikte seg til at vedkommande ved uttak av løyve vil inngå formidlingsavtale med ein drosjesentral i Bergensregionen. Løyve vert ikkje i verksett før fylkeskommunen har fått stadfesting frå drosjesentral om at vedkommande har inngått formidlingsavtale med sentralen.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<b>Drosjereglement for Bergen køyreområde 01.12.09</b>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesutvalet	Gjeld frå: 01.12.2009	Tal sider: 4
	Utarbeidd av: Samferdselsavdelinga	Godkjend dato: 18.11.2009	Revidert dato:	Arkivsak: 200706922-99/832

Tildeling av nyoppretta løyve vert gjennomført med bakgrunn i søkjarliste med rangering av søkjarane sin ansiennitet som drosjeførar.

## 7. Ledige løyve

Løyve som er blitt ledige fordi løyvehavaren legg ned verksemda eller døyr vert kunngjort ledige i lokalpressa.

Tildeling av ledige løyve skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43 eller 44.

Søklar må godgjere og forplikte seg til at vedkommande ved uttak av løyve vil inngå formidlingsavtale med ein drosjesentral i Bergensregionen. Løyve vert ikkje i verksett før fylkeskommunen har fått stadfesting frå drosjesentral om at vedkommande har inngått formidlingsavtale med sentralen.

Ledige løyve vil verte kunngjort to gonger i året, i mars og oktober månad. På bakgrunn av innkomne søknader vil det verte utarbeidd søkjarliste med rangering etter søkjarane sin ansiennitet som drosjeførar. Tildeling av løyve vert gjennomført ein gong i månaden i samsvar med ansiennitetslista.

## 8. Overgang mellom drosjesentralar

Løyvehavarane kan endra sentraltilknytning. Det er likevel ikkje høve til å endre tilknytning til ein sentral som ligg på eller over maksimaløyvetalet. Det er tre månader oppseiingstid i den sentralen som ein står tilknytt. Overgang er ikkje gyldig før fylkeskommunen på fastsett skjema har fått melding frå sentral/løyvehavar om at ny formidlingsavtale er inngått.

Overgang til ny sentral kan først skje tre månader etter at opphavleg sentral har fått skriftleg varsel frå løyvehavaren om at vedkommande vil endre sentraltilknytning. Oppseiing vert å rekna frå dato på overgangsskjema, signert både av løyvehavar og sentral.

Drosjesentral og løyvehavar har ikkje høve til inngå formidlingsavtale som medfører avgrensingar i løyvehavarane sin rett til å byte sentraltilknytning etter dette punktet.


Løyve skal tildelast på bakgrunn av ansiennitet. Det vil vere ei søkjarliste for nye søkjarar og ei liste over overgangssøklarar, begge rangert etter ansiennitet. Når det skal takast inn nye løyvehavarar i ein sentral vil den med høgst ansiennitet ha førsteretten uavhengig om det er overgangssøklar eller søklar til nytt løyve. Fylkeskommunen vil krevje utskrift frå arbeidstakarregisteret når det vert søkt om drosjeløyve.

## 9. Driveplikt drosjeløyve

Løyvehavarar er pålagt å innrette seg etter fastlagt køyreplan/vaktliste utarbeidd av drosjesentralen. Køyreplan skal vere godkjent av fylkeskommunen. Løyvehavar med reserveløyve er pålagt å la dette gå inn i køyreplanen/vaktliste når det vert vurdert som naudsynt.

Drosjesentralane pliktar å i verksette nødvendige tiltak for å sikre tilstrekkeleg bilar i drift i forhold til etterspurnaden i marknaden.

Ved misleghald av driveplikta kan fylkeskommunen tilbakekalle drosjeløyve.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Drosjereglement for Bergen køyreområde 01.12.09		
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesutvalet	Gjeld frå: 01.12.2009
Utarbeidd av: Samferdselsavdelinga	Godkjend dato: 18.11.2009	Revidert dato:	Arkivsak: 200706922-99/832

## 10. Løyve med særskilt stasjoneringsplikt

For å sikre samtlege delar av Bergen køyreområde eit tenleg drosjetilbod kan fylkeskommunen tildele drosjeløyve med stasjoneringsplikt i Arna bydel og Askøy kommune. Talet på løyve med stasjoneringsplikt i desse områda vert fastsett på bakgrunn av ei nærare behovsvurdering.

Løyvehavarane med stasjonering i Arna bydel kan søkje om ”byløyve” ved utlysing av løyve. Gjennom endring av reglementet kan fylkesutvalet ved behov også innføre stasjoneringsplikt i andre område.

## 11. Prisopplysning

Drosjesentralane og løyvehavarane pliktar å gje dei reisande klår og synleg opplysning om prisane på drosjetenester. Drosjene skal ha prisopplysningar som er synlege både på utsida og innsida av køyretøyet.

Drosjesentralane pliktar vidare å syte for at det er felles oppslag med standardiserte prisopplysningar på drosjehaldeplassane. Utforming og plassering må likevel skje i samråd med offentlege styresmakter.